

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

Innkalling

Møtedato: 06.03.2018
Møtestad: Allrommet - Boknatun
Møtetid: Kl. 19:00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er, tlf. 52 75 25 00, slik at varamedlem kan bli innkalla. Varamedlemer møter etter nærare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på Boknatun. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utleverte i møtet. Dersom medlemene på førehand ønskjer å gjere seg kjent med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengelege på rådhuset.

Bokn kommune
27. februar 2018

Tormod Våga
Ordfører

Jan Erik Nygaard
sekretær

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
001/18	Godkjenning av innkalling
002/18	Godkjenning av møteprotokoll
003/18	IKT verktøy i skolen
004/18	Utbygging av sjukestova og omsorgsbustader - finansiering
005/18	Reglement for folkevalde i Bokn kommune sin innsynsrett.
006/18	Samarbeidsavtale mellom Karmøy kommune, Bokn kommune og NAV Rogaland.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	06.03.2018	001/18

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/81
-----------------------------------	-----------------------	-------------------------

Godkjenning av innkalling

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	06.03.2018	002/18

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 033	Arkivsaknr 18/81
----------------------------	----------------	------------------

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
17.01.2018	Protokoll - Kommunestyret - 12.12.2017

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.01.2018	004/18
Formannskapet	23.01.2018	008/18
Kommunestyret	06.03.2018	003/18

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 631, K2 - A00	Arkivsaknr 18/17
---------------------------------	--------------------------	------------------

IKT verktøy i skolen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

< Rådmannen støttar forslaget om ikt satsing i skulen og bevilger 780 000,- kroner i 2018 til innføringa. Vidare vil det leggjast til rette for i budsjette at dei årlege kostnadene vert dekte i budsjette av ordinære budsjettmidler, men vert fordelt på ulike rammeområder.

>

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 23.01.2018:

Behandling:

SB- 004/18 Vedtak:

Seniorrådet vedtek rådmannens forslag til vedtak.

Formannskapet 23.01.2018:

Behandling:

FS- 008/18 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

Kva saka gjeld:

< Bokn kommune ser behovet for å ha ei auka satsing på ikt i skulen med bl.a innføring av ikt verktøy til alle elevar og lærarar. Dette begrunnast bl.a med kravet om digitale ferdigheter som grunnleggande kompetanse i alle fag. >

Bakgrunn for saka:

< I læreplanens generelle del står det at «*opplæringa skal kvalifisere for produktiv innsats i dagens arbeidsliv, og gi grunnlag for seinare i livet å kunne gå inn i yrker som enno ikkje er skapte. Opplæringa må utvikle dei evner som trengs for spesialiserte oppgåver, og gi ein generell kompetanse som er brei nok for omspesialisering seinare i livet.*»

Med grunnskulereformen i 2006 blei digital kompetanse innført som ein grunnleggande kompetanse på lik linje med muntlige ferdigheter, å kunne lese, å kunne rekne og kunne skrive. Desse ferdighetene skal være ein del av kompetansen i alle fag og integrerast i opplæringa i alle fag. Dei grunnleggande ferdighetene vert definert som naudsynte reidskaper for læring og utvikling for eleven. Dei er samstundes ei forutsetning for at elevane skal kunne vise sin kompetanse.

Digitale ferdigheter vil seie å innhente og behandle informasjon, være kreativ og skapande med digitale ressursar, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgiversar. Det innebær og å kunne bruke digitale ressursar hensiktsmessig og forsvarleg for å løyse praktiske oppgåver. Digitale ferdigheter innebærer og å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.

«Me lev i ei verden kor teknologi blir stadig viktigare. Me førebur ikkje våre born på dagen i dag, men på morgondagen. I deira verden vil teknologi i endå større grad verte integrert i alt dei foretek seg» (Abdul Chohan, leder for Essa Academy, England).>

Saksutgreiing:

< Bokn skule har pr i dag ein pc ordning slik at elevane på ungdomstrinnet har ein pc til to elevar til disposisjon på skulen. På barnetrinnet er det ikkje digitale verktyø tilgjengeleg til dagleg for elevane. Skulen opplever med dette at dei ikkje klarer å innfri kravet i læreplanen om at alle elevar skal oppnå digitale ferdigheter som ein grunnleggande ferdighet i alle fag.

Digitale ferdigheter er ei viktig forutsetning for vidare læring og for aktiv deltaking i et arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Den digitale utviklinga har endra mange av premissene for lesing, skriving, rekning og munnlege uttrykksformer. Digitale ferdigheter er difor ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglege emner. Å nytte digitale verktyø i opplæringa gir moglegheiter for nye og endra læringsprosessar og arbeidsmetodar, men stiller og økte krav til dømmekraft.

Dei digitale ferdighetene er i læreplanen ytterligare delt inn fem ferdigheter. Ferdighetsområdene i digitale ferdigheter har følgande inndeling:

- Å bruke og forstå innebær å kunne bruke og navigere på digitale ressursar i og utanfor nettverk og ivareta informasjons- og datasikkerhet.
- Finne og behandle innebærer å tilegne seg, behandle, tolke og vurdere informasjon frå datakilder, utøve kildekritikk og bruke kildehenvisning.
- Produsere og bearbeide innebær å være kretativ og skapande med bruk av digitale ressursar.
- Kommunisere og samhandle innebær å kunne bruke digitale ressursar for kommunikasjon og samhandling.
- Utøve digital dømmekraft innebærer å følge reglar for personvern og vise hensyn til andre på nett.

Dei fem ferdighetsområdene er igjen delt inn i nivå frå 1 til 5, og nivåa skal implementerast inn saman med kompetansemåla i dei andre faga i opplæringa i grunnskulen.

Effektar av nettbrett på skulenivå.

Ikt verktyø i begynnande lese- og skiveopplæring

Barns første møte med skulen er eit møte med store forventningar til å lære. På dette tidspunktet er

lærelysten og motivasjonen høg! Barn er aktive, nysgjerrige, kunnskapssøkande og utforskande av natur, og eit godt møte med skulen kan skape fundamentet for elevens neste tretten år med skulegang. Derfor er motivasjonen og skaparlysten dei entrar skulen med noko av det viktigaste å ta vare på for å byggje grunnleggande ferdigheter.

På oppdrag frå Senter for IKT i Utdanningen har Rambøll samla erfaringer frå skular som har lykkast med god metodisk implementering av digitale verktøy i lese- og skriveopplæringa. Desse skulane har innført nettbrett eller pc 1: 1 (kvar elev har eit eige digitale læringsverktøy). Her vert det vist til forskning som peikar på at skriveprosessen både vert meir systematisk og dynamisk med digitale verktøy tilgjengeleg (f. eks. Genlott, 2013, Åkerfeldt, 2014). Eit stort fleirtall av informantane i undersøkinga melder om økt opplevd læringseffekt i sine klasserom. Elevane produserer meir, har raskare progresjon og både les og skriv meir avanserte tekstar enn tidligare. Elevane får jobbe ut frå eigne forutsetningar, og er aktivt deltagande i eigen læringsprosess frå første skoledag. I tillegg vert opplevinga med den umiddelbare tilbakemeldingen frå bl.a talande tastatur ei motivator og støtte for alle elevar.

Lesing og skriving er ferdigheter som går hand i hand. Ved å jobbe med å skrive seg til lesing, opplev skulane som har tatt i bruk digitale verktøy at elevane skriv meir avanserte tekstar og har auka skriveglede. Dette gjelder særleg for gutane, då dei ikkje opplev at motorikken er til hinder for tekstproduksjon eller skriftforming.

Motivasjon og mestring

Forskning fra bl.a England viser at elevar som har tatt i bruk nettbrett i undervisninga oppgir at dei er meir motiverte for å lære, dei synest opplæringa er meir interessant og at den foregår meir kreativt. Elevane får ei djupare læring, og dei reflekterer meir rundt det dei arbeider med, dei lærer kritisk tenking og opplever meir effektiv læring. Elevane oppgir og at dei kommuniserer meir i opplæringsformål og samhandlar meir med kvarandre. Undersøkelser frå norske skolar viser at aktive elevar som er sterkt involverte i, og medskapere av egen læringsprosess fører til auka motivasjon og mestring sjå eleven.

Med digitale verktøy styrer elevane sin eigen læringsprosess i langt større grad enn tidlegare, og dette påvirker læring og mestring på en positiv måte. Opplevinga av å mestre er eit resultat av godt tilrettelagte utfordringer slik at kvar enkelt elev kan jobbe ut frå eigne forutsetningar. Dette bidreg til lærelyst, motivasjon og styrka sjælvfølelse. Disse faktorene legg grunnlaget for å bruke ressursane som bur i kvar elev, og for å sørge for at alle får utvikla sine kompetansar og sitt potensiale.

I klasseromssituasjonen viser forskninga at ein får ei endring kor ein går frå at elevane konsumerer kunnskap til at dei produserer kunnskap. Klasserommet vert endra til ein læringsekspedisjon der læraren ikkje serverer alle svara, men leiir elevane mot ny kunnskap. Men for å oppnå dette still det krav til at skulen klarer å ta steget vekk frå den «gammaldagse kvardagen» der læring er rein rutine, og over i ein situasjon der dei evner å designe ein læreprosess meir fleksibelt.

Tilpassa opplæring

Alle elevar har rett på tilpassa opplæring. Undersøkinga som vart gjennomført av Rambøll viser at bruk av digitalt verktøy i den grunnleggande lese- og skriveopplæringa bidrar til at alle elevane får meir tilpassa opplæring. I tillegg vart elevar med særkilte behov som lese- og skrivevansker, dyslektikarar, elevar med konsentrasjonsvanskar og generelt umodne elevar trukke fram som ei elevgruppe som profiterer særleg på å bruke digitale læringsverktøy. Dette vert begrunna med at digitale verktøy og programvare i større grad muliggjer differensiering av undervisninga og individuell tilpassing. Dette er positivt både for dei elevane som treng meir hjelp og støtte, men og for dei flinke elevane som treng meir utfordrande og annleis oppgåver.

Vidare viste undersøkinga at gutar som gjerne har ein dårlegare og seinare utvikla finmotorikk og som synest der er vanskeleg å skrive med blyant i bruk av digitale verktøy hadde høg motivasjon for læring og skriveopplæringa gjekk lettare.

Læraranes arbeid og undervisningspraksis

Satsing på digitale verktøy har og vist seg å ha positiv effekt for lærarane undervisning og arbeid. Undersøkingar viser at undervisninga har blitt meir målretta, strukturert og vurderingsorientert som følge av innføring og satsing på digitale verktøy sammenligna med tidlegare. Mange lærarar oppgav i Rambøll si undersøking at dei i dag har meir fokus på konkrete mål og kriterier for måloppnåing og vurderingsarbeid. Lærarane opplevde at de i større grad enn tidlegare vurderer og veiledar elevane og har vorte bedre på å oppfølging og praktisering av kriteriene som ligg til grunn for «Vurdering for læring» (VFL). Lærarane oppgav vidare i undersøkinga at bruken av digitale verktøy åpnar for og bidrar til mer variert undervisning, og at dei tek i bruk fleire undervisningsmetodar. Lærarar og skulelederar rapporterte at dei no jobba meir fristilt, kreativt og bevisst i forhold til bruk av læremidler og ressursar i undervisninga. Undervisninga blei i mindre grad lærebokstyrt, og i større grad tilpassa eit undervisningsopplegg, samt at dei og utvikla eigne læringsressursar.

Innføring av digitale verktøy gir lærarane meir effektiv bruk av undervisningstida og færre tidstjuvar. Undervisninga er ikkje så papirbasert som tidlegare, og undervisningsopplegget som vert laga «droppas» no over på elevanes nettbrett/pc. Tidstjuvane i oppstarten og under undervisningsøkter har vorte minimerte fordi elevane no arbeider meir sjølvstendig med sitt opplegg. Elevane kjem raskare i gong med sitt arbeid, dei arbeider meir aktivt og det foregår mindre lærarmonolog i undervisninga. Læraren tar ei meir veiledande rolle i forhold til elevane, gir støtte og veiledning i elevens læringsprosess og har mindre undervisning i plenum.

Skolar som har innført digitale verktøy og satsa på ikt opplever at dette og har påverknad på skolekulturen og arbeidsmiljøet for dei ansatte. Undersøkinga til Rambøll viser at lærarane opplever at det er meir delingskultur i forhold til undervisningsopplegg og metodar, og dei diskuterer meir og tettare med kvarandre. Dei gir kvarandre råd og veiledning, tilbakemeldinger og bygger nettverk med andre skular som og nyttar digitale verktøy i undervisninga. Lærarane oppgir at det er spennande å arbeide på nye måtar, og at dei vert engasjert av at særleg elevane på dei første trinna lærer og får til meir enn tidlegare.

Suksessfaktorar

Det vert i læreplanen vektlagt at utvikling av digitale ferdigheter vert utvikla gjennom å bruke digitale ressursar. Det inneber å nytte digitale ressursar til å tilegne seg fagleg kunnskap og til å uttrykke eigen kompetanse.

Internasjonal forskning og erfaring viser overveiande positive resultater ved bruk av nettbrett i skulen. Men det vert også her presisert at implementering av digitale verktøy krev ei forståelse av korleis det skal brukast. Nettbrettet må være eit nøkkelvektøy i undervisninga, og det må sjåast på som eit reidskap for å lære. God metodisk bruk av dei ulike verktøya med fokus på auka elevaktivitet og produksjon vert særleg framheva som kriterier for å lykkast med implementering av digitale verktøy i skulen.

Skuleleiarar ved skular i Norge som har jobba med implementering av digitale verktøy i skulen understrekar at det digitale verktøyet åleine ikkje fører til endringar i undervisningspraksis (Rambøll 2016). Det er bruken og metodikken som ligg til grunn for dei gevinstane dei ser. Satsing på kompetanseheving for lærarane vert oppgitt som ei suksessfaktor i implementeringa. Digital kompetanse omfattar både ferdigheter, kunnskapar, kreativitet og holdningar når det gjeld digitale verktøy. Alle desse er naudsynte for å kunne bruke digitale verktøy på ein god måte. For å oppnår

dette er det viktig at alle ansatte i fellesskap vert motivert til læring og bruk av digitale verktøy. Det vert og det vert uttrykt vidare i rapporten at det er behov for at skulen både får støtte i det tekniske knytta til implementeringa samt at det vert lagt stor vekt på støtte i læringskvardagen for lærarane. Skulen må jobbe aktivt for å endre sin undervisningspraksis, og det er naudsynt med ei strategisk satsing over tid. Dette krev systematisk og målretta innsats av alle involverte, men og tilgjengelige økonomiske ressursar for å få til eit felles løft i starten av innføringa.

Det vil vere særskilt viktig at nettverket i kommunen og på skulen har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere ei større mengd einingar i nettet. Ved bruk av nettbrett skjer all kommunikasjon over trådlaust nett. Det er derfor sett av midlar til å oppgradere tal tilgangspunkt i bygget og nettverksutstyr som kan fordele trafikk og sikre eit stabilt nettverk. Det blir og bygd inn redundans slik at systemet har ei såkalla failover- løysing. Dette inneber at det er minst to like styringseiningar i systemet. Det er tatt høgde for at dette utstyret kan flyttast til eit eventuelt nytt skulebygg.

>

Vurdering:

< Bokn kommune ser at det er naudsynt med ei satsing på ikt i skulen for å gi elevane den opplæringa dei treng for å kunne mestre ei framtid i samfunnet og i arbeidslivet. Ei tydelig satsing på ikt i skulen vil og oppfylle kravet i læreplanen om digitale ferdigheter som ein grunnleggande kompetanse i alle fag på alle nivå for elevane. For å nå dette målet vil skulen drive strategisk skulebasert kompetanseutvikling kor skuleleiing og lærara må ta aktivt del i utviklinga. Målsettinga er å utvikle skolens samla kunnskap, holdningar og ferdigheter når det gjeld læring, undervisning og samarbeid i bruk av digitale verktøy i skulen.

Kommunen har satt som ei målsetting at alle elevar og lærerar ved skulestart hausten 2018 får utdelt sitt eige personlege nettbrett som eit læringsverktøy som skal nyttast i skolearbeid og heimearbeid i alle fag på alle trinn. Samstundes med dette vil det bli gjennomført kompetanseheving med ekstern aktør for elevar og lærerar, samt at foreldre og vil verte inkludert.

Ei satsing på ikt i skulen vil medføre ein aukning i kostnader i innføringsåret 2018/2019.

Bokn kommune har besøkt andre kommunar på Haugalandet som har gjort ei satsing på ikt i skulen dei seinare åra, og basert på dette har ein komme fram til eit estimert overslag på kostnader knytta til ikt satsing på skulen for skuleåret 2018/2019.

Kostnaden har ei estimert ramme på om lag 880 000,- for første året. Vidare er dei årlege kostnadene frå år to (skuleåret 2019/2020) og framover dei kommande åra estimert til om lag 320 000,-. Desse årlege kostnadene vil måtte leggest inn i budsjettet frå 2019, men dei vert fordelt på ulike kostnadsrammer då kostnadane inkluderer både teknisk vedlikehald, driftskostnader av teknisk utstyr og løysingar, kompetanseheving på skulen og kostander knyttat til ikt verktøy. Samtidig vil kostnader som allereie ligg i budsjettet for 2018 og vidare framover knytta til ikt i skulen trekkast inn slik at reel aukning i kostnader vil vere lågare enn skissert ovanfor.>

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	20.02.2018	008/18
Formannskapet	20.02.2018	011/18
Kommunestyret	06.03.2018	004/18

Saksansv. Solrunn Alvestad	Arkiv K1 - 202	Arkivsaknr 18/80
----------------------------	----------------	------------------

Utbygging av sjukestova og omsorgsbustader - finansiering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For å finansiere utbygginga av sjukestova og nye omsorgsbustader tar kommunen opp eit lån på 50 millioner. Tilskotet frå Husbanken går til ekstraordinær nedbetaling av lånet,

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 20.02.2018:

Behandling:

SB- 008/18 Vedtak:

Rådet tilrår rådmannens sitt forslag til vedtak.

Formannskapet 20.02.2018:

Behandling:

FS- 011/18 Vedtak:

Formannskapet tilrår forslaget til rådmannen.

Kva saka gjeld:

Finansiering av utbygginga av sjukestova og omsorgsbustader

Bakgrunn for saka:

Det har tidlegare vært knyttet stor usikkerhet til finansiering og kostnader til ombygging av sjukestova/omsorgsbustader på grunn av husbanken sin vurdering av hvor stor andel av utbyggingen som var tilskuddsberettiget og anslag for totale kostnader. Bokn kommunestyre har gjennom tidlegare budsjettvedtak godkjent følgende kostnadsramme og finansiering:

I 2016 vart det i budsjettet lagt inn ein kostnad på 46.580.000,- og tilskot frå husbanken på 20.100.000. I budsjettet for 2017 vart beløpet endra til 39.050.000 i kostnad og 10.625.000 i tilskot.

Saksutgreiing:

Det har nå vært nye vurderingar fra Husbanken om tilskuddsberettiget andel av utbyggingen - som gir et tilskudd på kr. 18.627.115,-. Samtidig har vi fått tilsendt nytt kostnadsoverslag

som viser at kostnadene nå er beregnet å utgjøre kr. 50.686.362,- inkl. kr. 6.557.233,- til uforutsette utgifter.

Ny kostnadsramme og ny tilskottsberegning fra Husbanken betyr at det mangler kr. 2.634.247,- i forhold til tidligere vedtatte kostnadsramme og finansieringsplan.

Da det i kostnadsramma ligger 6.557.233,- til uforutsette utgifter vil en foreslå at manglende finansiering, forsøkes så langt det lar seg gjøre, dekkes innenfor uforutsette utgifter, og at det i den grad dette ikke lar seg gjøre, dekkes inn med ytterligere låneopptak på inntil kr. 2.634.247,-.

Vurdering:

Rådmannen rår til at kommunen tar opp eit lån på kr. 50.000.000,- inkl. byggelån for finansiering av tilskuddet frå Husbanken som vert nedbetalt når tilskuddet blir utbetalt.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	20.02.2018	009/18
Formannskapet	20.02.2018	012/18
Kommunestyret	06.03.2018	005/18

Saksansv. Jan Erik Nygaard	Arkiv K1 - 048	Arkivsaknr 18/78
----------------------------	----------------	------------------

Reglement for folkevalde i Bokn kommune sin innsynsrett.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar utarbeida «Reglement for folkevalde i Bokn kommune sin innsynsrett».

Boknatun, 12. februar 2018

Jan Erik Nygaard
rådmann

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 20.02.2018:

Behandling:

Rådet tilrår rådmannen sitt forslag til vedtak.

SB- 009/18 Vedtak:

Formannskapet 20.02.2018:

Behandling:

FS- 012/18 Vedtak:

Formannskapet tilrår rådmannen sitt forslag til vedtak.

Kva saka gjeld:

Reglement for folkevalde i Bokn kommune sin innsynsrett.

Bakgrunn for saka:

Bokn kommune har ikkje hatt eige reglement for folkevalde sin innsynsrett tidligare og har av den grunn funnet det nødvendig å lage eit reglement for folkevalde sin innsynsrett.

Saksutgreiing:

Folkevaldte har rett til innsyn etter offentleglova som enkvar annan, men vil ofte ønskje innsyn utover dette. Spørsmålet om hvor langt folkevaldes innsynsrett strekker seg er drøfta i forarbeidene til kommuneloven § 40 nr 5. Det er noko usikkert hvor langt den rekker. Som hovedregel er det organet selv, ikkje den enkelte folkevalgte, som kan be om utvida innsyn. Kommuneloven § 40 nr 5 pålegger kommunane å utarbeida eit reglement om folkevaldes innsynsrett.

Ein har tatt utgangspunkt i KRD sitt «Normalreglement til hjelp for kommunene» ved utarbeiding av det reglementet som nå er lagt fram for å gjelda for Bokn kommune.

Vurdering:

Rådmannen tilrår at det framlagde reglement for folkevalde i Bokn kommune sin innsynsrett blir vedtatt av kommunestyret.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
12.02.2018	Reglement for folkevalde i Bokn sin rett til innsyn

BOKN KOMMUNE

Reglement for folkevalde innsynsrett

Gitt med heimel i Kommelovens § 40.5: Kommunestyret og fylkestinget skal selv fastsette et reglement for de folkevalgte rett til innsyn i saksdokumenter og til informasjon om saker som er under behandling.

1. Kommunestyret og andre folkevalde organers rett til innsyn i saksdokument.

Kommunestyret har som overordna organ for all verksemd i kommunen rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med dei presiseringar som følger av reglane nedanfor.

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet handsamar. I tillegg kan desse organa kreve innsyn i dokument som ligg innanfor andre delar av den kommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret handsaming av ei sak i organet.

2. Vedtak om innsyn

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal handsamast i organet.

Minst tre medlemmer i kommunestyret kan kreve innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jf. pkt. 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemmene stemmer for det.

3. Tidspunkt for rett til innsyn

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/send til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta

eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig handsama.

4. Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m.

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak kreve innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jf. forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak vert handsama for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

Medlemmer av folkevalde organ underskriv ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

5. Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike spørsmål til rettes til Servicetorget i Bokn.

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under handsaming, bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir handsama på, tidsplan o.l.

6. Ikrafttreden

Dette reglementet trer i kraft straks.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma	23.01.2018	003/18
Formannskapet	23.01.2018	007/18
Kommunestyret	06.03.2018	006/18

Saksansv. Ingrid Sofie Rundhaug	Arkiv K1 - 026, K2 - F00	Arkivsaknr 18/16
---------------------------------	--------------------------	------------------

Samarbeidsavtale mellom Karmøy kommune, Bokn kommune og NAV Rogaland.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

< Rådmannen anbefaler at kommunestyre godkjenner vertskommuneavtalen etter §28 om NAV mellom Karmøy kommune, Bokn kommune og NAV Rogaland.>

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma 23.01.2018:

Behandling:

Punkt 5. i vertskommuneavtalen vedrørende organisering: setningen om tilpasning til brukarens behov må utdypast. Seniorrådet har vidare eit ønske om at det blir lagt opp til ei prøveordning der saksbehandlar frå NAV Karmøy er til stades på kommunehuset på Bokn ein arbeidsdag i veka.

SB- 003/18 Vedtak:

Seniorrådet tar avtalen til orientering, men gir uttrykk for bekymring knytta til at fleire kommunale tenester vert tatt ut frå kommunen og lagt i andre kommunar.

Formannskapet 23.01.2018:

Behandling:

Forslag frå Tormod Våga SP:

Justere opp punkt i avtalen som ikkje er i samsvar med lova.

Forslag frå Kari Christensen AP:

Samarbeidsavtalen forplikter NAV til å ha minimum 1 kontordag pr. uke i Bokn, for å sikre at tilbudet blir likt for innbyggerene i begge kommuner, slik det fremgår av pkt. 5, 1. avsnitt

FS- 007/18 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak med tillegg av forslaget frå SP vart vedtatt med 6 mot 1 stemme (AP)

Kva saka gjeld:

<skriv her>

Bakgrunn for saka:

< NAV Rogaland tok sommeren 2017 kontakt med Karmøy kommune og Bokn kommune for å undersøke mulighetene for at de tre partene kunne inngå en samarbeidsavtale med den hensikt at de to kommunene fikk felles NAV-tjenester, både på det kommunale og statlige tjenesteområdet. Bakgrunnen for forespørselen var at det ved NAV Bokn var endringer i forhold til driftsituasjonen, noe som medførte NAV Rogaland ønsket å vurdere om det var grunnlag for en alternativ organisering for innbyggerne i Bokn. I utgangspunktet tenkte en et samarbeid organisert gjennom en vertskommunemodell § 28 i kommuneloven, hvor Karmøy kommune som vertskommune og Bokn kommune som samarbeidskommune, men en ville også være åpen for andre innspill i prosessen.>

Saksutgreiing:

< Det ble nedsatt en arbeidsgruppe bestående av representanter fra ledelsen fra de to kommunene, NAV Rogaland, NAV Karmøy, NAV Bokn, kommunal tillitsvalgt og statlig tillitsvalg. Arbeidsgruppen har hatt 5 møter for å utarbeide forslag til vertskommuneavtale.

Formålet med samarbeidet er å sikre effektive tjenester, god og bred kompetanse, stabilitet og kvalitet i tjenestetilbudet og økt rettsikkerhet.

Alle tjenester på det statlige tjenesteområdet vil bli utført av NAV Karmøy for begge kommuner. På det kommunale tjenesteområde vil følge tjenester bli gitt til innbyggerne i begge kommunen;

- Sosialstønad, opplysning, råd og veiledning
- Bostøtte/husbanken
- Økonomisk rådgivning
- Gjeldsrådgivning
- Akutt bolig, midlertidig bolig

Bokn kommune bosetter pr i dag ikke flyktninger etter introduksjonsloven. Skulle dette endre seg skal det avklares med vertskommunen om denne tjenesten skal ligge i NAV Karmøy for Bokn kommune.

Begge kommunene skal ha den samme satsen for sosialhjelp.

Bokn kommune dekker kostnaden til sosialstønader til innbyggerne i Bokn og kostnadene vil bli fakturert kvartalsvis/årlig. I tillegg finansierer Bokn kommune 0,6 årsverk for å dekke kostnaden med de kommunale tjenestene som blir gitt til innbyggerne i Bokn.

NAV Rogaland vil overføre den statlige budsjettildelingen som tidligere gikk til NAV Bokn til NAV Karmøy.

NAV-leder Karmøy vil være NAV tjenestens øverste myndighet innenfor

vertskapskommunesamarbeidet. Konsekvensen av dette er bl.a at NAV leder ikke kan overprøves når det gjelder faglige spørsmål innenfor lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen.

Avtalen skal evalueres fortrinnsvis etter ett år, men ikke senere enn etter to år.

Under forutsetning av at avtalen blir vedtatt av kommunestyre og NAV Rogaland vil den tre i kraft fra 01.04.2018 og kan sies opp med ett års varsel.>

Vurdering:

<skriv her>

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
15.01.2018	Vertskommuneavtale NAV Karmøy kommune og Bokn kommune
15.01.2018	Vertskommune Karmøy Bokn mandat revidert 28.9.2017

SAMARBEIDSAVTALE OM NAV MELLOM KARMØY KOMMUNE, BOKN KOMMUNE OG NAV ROGALAND

Avtalen bygger på vedtak i kommunestyrene om å organisere NAV i Karmøy og Bokn etter kommuneloven sine regler om administrativt vertskommunesamarbeid, jf. Kommuneloven § 28.

1. Deltakere i samarbeidet

Kommunene Karmøy og Bokn skal ha felles NAV-tjenester etter kommuneloven § 28, administrativt vertskommunesamarbeid. Karmøy kommune er vertskommune. Bokn kommune er samarbeidskommune

2. Formål

Formålet med samarbeidet er å sikre en felles NAV tjeneste som:

- Er en forsvarlig god og effektiv tjeneste som tilfredsstiller de til enhver tid gjeldende krav
- Sikrer god og bred kompetanse
- Sikrer stabilitet og kvalitet i tjenestetilbudet
- Bidrar til aktivt forebyggende arbeid også i nær kontakt med andre instanser, også i samarbeidskommunen med kontaktmøter, innenfor lovens rammer
- Økt rettssikkerhet

Samarbeidet skal utføre de oppgavene kommunene har, jfr Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, gjeldsordningsloven, og skal ha myndighet til å treffe vedtak med hjemmel i disse lovene.

Dette fratar ikke kommunene deres ansvar for å jobbe forebyggende og i tverrfaglig samhandling ut fra tjenstlige behov.

3. Oppgaver og myndighet som legges til vertskommunen

Karmøy kommune forplikter seg gjennom avtalen og etter delegert myndighet fra Bokn kommune til å utføre oppgaver Bokn kommune har innenfor følgende områder:

- Sosialstønad, opplysning, råd og veiledning
- Bostøtte/husbanken
- Økonomisk rådgivning
- Gjeldsrådgivning
- Akutt bolig, midlertidig bolig

Begge kommuner skal ha samme kommunale tjenester inn i et felles kontor. Begge kommuner følger samme satser for sosialhjelp.

Hvis det blir aktuelt for Bokn kommune og ta imot flyktninger etter introduksjonsloven skal det avklares med vertskommunen om denne tjenesten skal ligge i NAV-kontoret.

Folkevalgte organer i vertskommunen har ikke instruksjons- eller omgjøringsmyndighet i.h.h.t. gitte delegasjoner fra samarbeidskommunen.

4. Delegering av myndighet

Rådmannen i samarbeidskommunen delegerer myndighet etter overnevnte områder til rådmannen i vertskommunen i samsvar med kommunelovens § 28.

5. Organisering

NAV-tjenesten for Bokn kommune blir i sin helhet organisert av vertskommunen; Karmøy kommune. Bokn kommune sine innbyggere vil betjenes fra NAV Karmøy. Tilbudet som gis må være likt for innbyggerne i begge kommuner. Individuelle tilpasninger vil bli foretatt etter behov.

Vertskommuneavtalen innebærer at innbyggere i Bokn som har aktivitetsplikt vil kunne få krav om oppmøte i Karmøy.

Bokn kommune har tilgjengelig nødbolig som kan disponeres av Bokn sine innbyggere. Nødboligen kan ikke fjernes uten drøfting mellom kommunene.

6. Årsbudsjett

Forslag til årsbudsjett for kommende år skal utarbeides av leder og oversendes deltakerkommunen ved rådmannen. Fordeling av årsbudsjettets nettoutgift på den enkelte deltakerkommune skal foregå i samsvar med pkt 7. Dersom årsbudsjettet medfører endringer i antall årsverk for virksomheten skal dette fremgå eksplisitt og drøftes.

Kommunestyret i vertskommunen vedtar driftsbudsjettet.

Regnskap og årsmelding for foregående år sendes kommunene innen dato. Øvrige rapporter sendes samarbeidskommunen etter avtale.

7. Økonomi og regnskap

Alle inntekter og utgifter vedr. NAV skal føres på et separat ansvarsområde i vertskommunen. Det legges til grunn et prinsipp om at Bokn kommune betaler egne utgifter selv. Karmøy kommune krever dette inn årlig/kvartalsvis gjennom dokumentert refusjonskrav. Bokn kommune dekker også ekstraordinære utgifter som måtte oppstå knyttet til avtalen. Dersom det oppstår ekstraordinære utgifter, informeres Bokn kommune om dette fortløpende.

Bokn kommune finansierer 0,6 årsverk for å dekke kommunale tjenester. I dette er utgifter til lederressurs, merkantile oppgaver m.m. også innberegnet.

Vertskommunen vil viderefakturere samarbeidskommunen påløpte utgifter kvartalsvis. I fordelingsgrunnlaget for utgifter til deltakerkommunene inngår alle utgifter knyttet til kommunenes ansatte i tjeneste.

Dersom de økonomiske forutsetningene for avtalene endrer seg vesentlig i løpet av avtaletiden, kan hver av partene kreve avtalen reforhandlet. Vesentlige endrede økonomiske forutsetninger kan for eksempel være vesentlig endret arbeidsomfang i forhold til arbeidsomfanget på tidspunkt for avtaleinngåelse.

På statlig side vil NAV Rogalands budsjetttildelinger til Bokn overføres til Karmøy.

I tillegg til denne avtalen vil det være en separat samarbeidsavtale og driftsavtale (økonomi) mellom NAV Rogaland og vertskommunen.

Stønader

Utgifter til sosiale stønader, sosiale lån, kvalifiseringsprogrammet dekkes av den kommunen som er stønadsmottakers bostedskommune. NAV-kontoret fatter vedtak om stønad. Utbetaling av stønader gjøres av vertskommunen og viderefaktureres deltakerkommunen kvartalsvis.

8. Rapportering og underretning

Samarbeidet evalueres årlig innen utløpet av første kvartal. Vertskommunen avgir rapport til samarbeidskommunen på drift og antall saker. Sakene behandles i tråd med lovkrav m.h.t. offentlighet og taushetsplikt og arkiveres i vertskommunens saksbehandlersystem.

Samarbeidskommunen skal ellers orienteres fortløpende om viktige forhold knyttet til NAV kontorets drift, organisering og rapporter i forbindelse med offentlige tilsyn. Rapportering i forhold til KOSTRA foretas av vertskommunen.

9. Juridisk ansvar, personal og ledelse

NAV Karmøy skal til enhver tid avsette nødvendig personal til oppfyllelse av avtalen. Vertskommunen har arbeidsgiveransvaret for de kommunalt ansatte i NAV.

NAV-leder i Karmøy vil være NAV tjenestens øverste myndighet innenfor vertskommunesamarbeidet. Dette innebærer bl.a. at lederen ikke kan overprøves når det gjelder faglige spørsmål innenfor lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen. Karmøy kommune har ansvar for at saksbehandlingen er forsvarlig, og følger saksbehandlingsreglene i forvaltningsloven og særlover. Karmøy kommune er også ansvarlig for at virksomheten skjer i tråd med offentlighetsloven, personopplysningsloven, arkivloven o.s.v.

10. Informasjon til innbyggerne

Samarbeidskommunen informerer sine innbyggere om omorganisering av NAV tjenesten så snart samarbeidsavtalen er godkjent av partene. I den løpende drift er det vertskommunens ansvar å gi publikumsrettet informasjon — også til innbyggerne i samarbeidskommunen. Videre har Karmøy kommune ansvar for å orientere Fylkesmannen i Rogaland om etablering av vertskommunesamarbeidet.

11. Klage

Fylkesmannen i Rogaland er klageinstans for vedtak som treffes etter lov om sosiale tjenester i NAV, jfr lovens §47. Administrasjonen i vertskommunen er underinstans etter forvaltningsloven § 33 annet ledd ved behandling av klager og forbereder klagesaken.

12. Lovlighetskontroll, kontrollutvalg

Lovlighetskontroll kan skje etter reglene i kommuneloven § 28h, jfr. § 59. Vertskommunens kontrollutvalg har myndighet etter kommuneloven § 77 nr. 1 overfor virksomheten, jfr. kommuneloven § 28 j.

13. Iverksetting, endring, oppsigelse

Denne avtalen gjelder fra 1.4.2018. Endring i avtalen kan gjøres dersom partene er enige. Avtalen er ikke tidsbegrenset, men kan sies opp med ett års varsel. Oppsigelse skal skje skriftlig.

14. Tvister

Tvister om virksomheten som måtte komme mellom partene skal søkes løst ved forhandlinger før den eventuelt bringes inn for de ordinære domstolene. Som verneting vedtas Haugaland tingrett.

15. Evaluering

Partene er enige om at avtalen skal evalueres fortrinnsvis etter ett år, og senest innen to år etter oppstart. Evalueringen skal ta utgangspunkt i formålet med avtalen.

Dato _____

Karmøy kommune

Bokn kommune

NAV Rogaland

Utredning av vertskommunemodell for NAV Karmøy og NAV Bokn - mandat

Bokn kommune ønsker nærmere samarbeid med Karmøy kommune når det gjelder fremtidige NAV tjenester, f.eks NAV Karmøy og Bokn med Karmøy som vertskommune.

Det settes ned en gruppe av personer for å jobbe med mulighetsbildene her. Deltakere i prosjektgruppen:

1 fra Karmøy kommune – Nora Olsen-Sund

1 fra Bokn Kommune – Jan Erik Nygaard og Ingrid Sofie Rundhaug

1 fra NAV Rogaland – Janne Sigbjørnsen Eie

1 fra NAV Karmøy – Stine Bjelland

1 fra NAV Bokn – Ragnhild Ognøy

1 kommunal tillitsvalgt – Annlaug Pedersen

1 statlig tillitsvalgt - Anne Lovise Wikre

Mandatforslag:

Gruppen skal i løpet av 2017 utarbeide kortfattet forslag til hvordan felles kontor for Karmøy og Bokn kan etableres for å betjene innbyggerne i begge de to kommunene både når det gjelder kommunale og statlige tjenesteområder. Det er særlig viktig å beskrive hvordan tjenester skal leveres til innbyggerne og hvordan ansatte kan ivaretas på en god måte. Det forutsettes at de to kontorene blir ett kontor med en fast lokasjon selv om tjenester fortsatt i noen grad skal leveres lokalt. I utgangspunktet ser partene for seg vertskommunemodellen men er likevel åpne for andre innspill.

Revidert i prosjektgruppemøte 28.9.17.